

Lesarbrev til
Hardanger Folkeblad

Vinterferdsel i Valdalen og søknad om pumpekraftverk

Valdalen har i alle tider vore ein viktig inngangsport til Hardangervidda frå sør-vest. Neddemminga av stølsdalen sommaren 1966 medførte store endringar i Røldal, ikkje berre for det lokale næringsliv men også for allmenn ferdsel.

Det store reguleringsmagasinet skapte vanskar for vinterferdsla.

Kraftselskapet sine folk har i alle år gjort ein stor innsats for å kontrollera isen, sperra av farlege område og kvista ei farbar løypa.

Hydro nektar å kvista løype:

For første gong etter 60 års drift av kraftanlegga i Røldal har Hydro denne vinteren nekta å kvista ei løypa over både Votnamagasinet og Valdalsmagasinet.

Kvifor skjer dette no?

Er det ein del av planen om å byggja pumpekraftverk og at isen ikkje skal kunna nyttast til ferdsel i framtida?

Arbeid ved Valdalsdammen i 2025 og 2026

Hydro Energi AS er operatør for Røldal-Suldal Kraft (RSK). I snart eit år no har dei utført arbeid med bygging av nytt overløp og tappeluke ved Valdalsdammen.

Arbeidet stengde tilkomsten i mai 2025, men etter det gjekk avvikling av sommartrafikken veldig fint og vi hadde eit godt samarbeid med prosjektleiinga.

Vinterløypa opp i farleg terreng

I vinter ville Hydro at ferdsla inn Valdalen skulle gå over Heialeite og Tjødnastølskar, for å unngå konflikt med anleggsarbeidet ved dammen.

Dette er i eit område Hydro sjølv i tidlegare år har påpeika at dei ikkje kan senda sine folk opp i på grunn av interne HMS krav. ("Helse Miljø og Sikkerhet").

I vinter har det ikkje vore mulig å laga løypa på grunn av for lite snø, likevel har det blitt skilta som om at ferdsla skal gå opp til Heialeite. (skiltet er ikkje signert) Sist vinter var det heller ikkje mulig å laga løypa i skaret pga opne elvar / bekker og for lite snø.

Rasfare i bilvegen om vinteren

Normalt er bilvegen ubrukeleg vinterstid pga rasfare og vanskar med å ta seg fram i det bratte terrenget.

I vinter har det mest ikkje vore snø og all ferdsel har kunna nytta bilvegen.

Dette kan fort endra seg! Så snart det kjem meir snø er det risiko for rasfare i Hellembakkane og ved Åsen.

Vilkårsrevisjon som pågår

Lyse Kraft DA nevner vinterløypa over, Heialeite - Storavatnet -Tjødnastølskar og ned til Grytingstølen vest for Valdalsmagasinet, som eit alternativ ved øydelagd is på magasinet.

Det stemmer ikkje, terrenget er for bratt og rasfarleg, løypa som går opp i ei høgd på 1030 moh, er ikkje egna for tilkomst til Valdalen.

[sett in bilde frå Tjødnastølskar]

Kva ansvar har Hydro som operatør for RSK?

Valdalsmagasinet har svært høg regulering frå 665 til 745 moh.

Ved tapping oppstår det mange farlege forhold. Isen blir tært opp frå undersida i smale parti, ved elveosar, bekkeosar og i lengre elvestrekningar, i bratte parti der isen blir ståande på høgkant og det oppstår område langs land med overvatn eller landlaus is. Det siste er verst i samband med mildversperiodar når vatnet stig.

Magasinet er over ei mil langt og det finst ingen referanser i terrenget, ingen hus, skog eller andre referansepunkt.

Kvisting av løypetrase er heilt nødvendig for å sikra ferdsla på isen.

Spesielt viktig ved vind og snødrev, då det fort blir dårleg sikt og dermed vanskeleg å orientera seg.

Manglande kvisting kan fort medføra at magasinet blir ei dødsfelle!

RSK blir framleis drifta etter den gamle konsesjonen frå 1962, (vidareført utan endring).

Vilkår og krav er dokumentert både i konsesjonen og i rettsbok for overskjønnet.

Vi er sterkt uenige med Hydro og Lyse si tolkning av kva ansvar dei har i Valdalen.

Det er for mange og lange parti i dalen som blir farlege ettersom magasinet blir tørt og elvane opnar seg. Praksis gjennom 60 år med å gjerda inn dei farlegaste osane og kvista ei farbar løypa har vist seg heilt nødvendig for trygg ferdsel.

Pumpekraftverk vil øydeleggja isen

Søknaden om pumpekraftverk er basert på ein idé om auka verdiskaping frå kraftanlegget ved eit samspel mellom uregulert kraft frå vind- og sol i kombinasjon med pumpekraftverk. Store kombinerte pumpe-turbin aggregat med stor effekt skal kunna levera mykje dei timane i døgnet det er høgast pris.

Inntektene vil kunna bli vesentleg høgare i ein kraftmarknad med variabel pris, sjølv om den totale årsproduksjonen ikkje blir nevneverdig større, eller for deler av anlegget, slik som i Røldal, til og med blir mindre enn med dagens kraftverk.

Prosjektet vil vera prisdrivande og dermed til skade for både for allmenn kraftforsyning og for norsk industri.

Kraftverksdrift i Norge må ta omsyn til norsk klima og miljø:

I Norge har vi fire årstider, om vinteren er det kuldegrader og islagde fjellvatn.

Landet vårt er ikkje som på eit laboratorium der ein kan leika og simulera med vatn i ulike magasin utan å ta omsyn til årstider, villrein, dyreliv og menneske.

Pumpekraftverk av den typen som er omsøkt frå Lyse Kraft DA er i motstrid med norsk natur og klima.

Prosjektet vil medføra stor fare for både dyr og menneske.

Naturlege ferdselsveggar vinterstid vil bli omdanna til farlege feller. Ferdsla vil bli tvinga opp i fjella rundt magasinerna med auka problem og fare.

Votnamagasinet vil bli ei felle for villrein, og folk på fjelltur vil bli tvinga opp i fjella rundt magasinet.

Ferdsl i fjellområda kan uroa reinsdyra meir og kan også medføra at menneske kjem inn i rasfarlege område.

Konklusjon:

- Målet må vera - Trygg tilkomst både sommar og vinter.
- Regulanten må følgja gjeldane konsesjonskrav om tilkomst og sikring av ferdsel på isen.
- Rasoverbygg eller tunellar må vurderast for om bilvegen også kan nyttast om vinteren.
- Vilårsrevisjonen er viktig for Røldal. Vassdraget er påført stor skade, det er difor spesielt viktig med *“nye vilkår for å rette opp miljøskader og ulemper som har oppstått som følge av reguleringen”*. (Energidepartementet -retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår)

Olav S. Rabbe